



Vedtak av detaljregulering fv. 601 Angedalsvegen del 1, varsel


Formannskapet¹ i Sunnfjord kommune har i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 vedteke Detaljregulering fv. 601 Angedalsvegen i sak 0060/20 den 26.03.2020

Formannskapet hadde planlagt synfaring 19. mars, men pga koronabrotet blei synfaringa avlyst. I standen blei denne saka handsama på vanleg måte. Planen vart vedteke slik den var lagt.



Detaljreguleringsplan for del av fv. 601 Angedalsvegen legg til rette for å etablere sykkelveg med fortau langs Angedalsvegen. Området i planen har ei lengd på om lag 400 meter. Planen viser fortau med separat sykkelveg og køyreveg på oppsida av Angedalsvegen. Veglinja vert om lag slik den er i dag, men veganlegget vert heva inntil 0,5 meter for å kome klar 200 års flaum med klimapåslag. Bygging av denne løysinga gjer at ein må løyse inn 3 eigedommar og rive tilhøyrande bustadhus. Fleire eigedommar og bygningar får fortau og sykkelveg mykje nærmare seg enn slik tilhøva er i dag. Krysset med Kyrkjevegen er flytta litt lengre sør.

Planen er endra noko etter høyring og offentleg ettersyn. Endringane er lista opp i saksutgreiinga som de finn her: www.sunnfjord.kommune.no under kunngjeringar.



Det er utarbeidd ein eigen plan for Angedalsvegen frå Presteholten til Slåtten skule. Angedalsvegen skal byggast ut samla som eitt

¹ Vedtaket vart gjort av formannskapet etter Sunnfjord kommune sitt regelement for formannskapet § 4 Hastesaker, jf. kml. § 11-8 første ledd.

prosjekt. I anleggstida skal det til rette leggst for og visast spesielt omsyn til at det er mange gåande og syklande. Berekna oppstart av anleggsarbeid er første halvdel av 2022.

Planen vil erstatte delar av desse planane:

Kyrkjevegen aust, vedteken 13.07.2000, Presteholten, vedteken 25.09.1974,
Presteholten, endring gbnr 21 – 139, vedteken 09.07.1986, Prestebakken terrasse,
vedteken 21.01.1997.

Vedtaket vert kunngjort i avisa Firda og www.sunnfjord.kommune.no under kunngjeringar. Grunneigarar, naboar og offentlege mynde vert så vidt mogeleg varsla direkte med dette brevet.

Med helsing

Vigdis Randine Rørstad Lobenz
rådgjevar

tlf: 57 82 87 80

mob: 975 17 380

vigdis.lobenz@sunnfjord.kommune.no

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Vedlegg:

Plan 21 Rettsverknad reguleringsplan pbl 2017

Plan 22 Klagerett